

Materiale for

BØNEVEKA FOR KRISTEN EINSKAP

og for heile året

2010

De er vitne om dette

(Luk 24,48)

*Lagt til rette og utgjeve i fellesskap av
Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap
og
Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet*

Omsett til norsk av Anfinn Andreas Kolberg

Innhald

Til dei som legg til rette Bøneveka for kristen einskap	3
Bibeltekst	4
Presentasjon av tema for året 2010	6
Førebuinga av materialet til Bøneveka 2010	8
Innleiing om den økumeniske gudstenesta	9
Ordning for den økumeniske gudstenesta (NN)	11
Ordning for den økumeniske gudstjenesten (BM)	15
Andakter og bønner for "Dei åtte dagane"	19
Den økumeniske situasjonen i Skotland	27
Tillegg Meir gudstenestemateriale frå Skotland	31
Tema for Bøneveka 1968 - 2010	38
Viktige hendingar i historia til Bøneveka for kristen einskap	40

Heile materialet til Bøneveka dette året er omsett til nynorsk.
Ordninga for økumenisk gudsteneste er og omsett til bokmål.
Skriftsitata er henta frå omsettinga til Det norske Bibelselskapet av 2005

Til dei som legg til rette Bøneveka for kristen einskap

Arbeidet for einskap - gjennom heile året

Bøneveka for kristen einskap har etter tradisjonen vore halde 18.-25. januar på den nordlege halvkula. Desse dagane blei foreslått av Paul Wattson i 1908 fordi dei ligg i tida mellom festane for apostlane Peter og Paulus. Dermed får dei ei symbolsk tyding. Men på den sørlege halvkula er januar feriemånad, og kyrkjene der finn derfor andre tider til Bøneveka, til dømes kring pinse, slik det vart foreslått av Tru og kyrkjeordningsrørsla i 1926. Pinse er jo og ei symbolmetta tid for kristen einskap.

Men arbeidet for kristen einskap er ikkje avgrensa til ei veke kvart år. Vi oppmodar dykk derfor til ikkje berre å vera fleksible med omsyn til dato, men og til å sjå det materialet vi presenterer her som ei innbyding til gjennom heile året å finna høve til å markera den fellesskapen som kyrkjene alt er komne fram til, og til å be saman for den fulle einskapen etter Kristi vilje.

Tilpassing av teksta

Dette materialet legg vi fram i full forståing for at de, når det er mogleg, kan tilpassa det til bruk på lokalt nivå. Da må det i tilfelle takast omsyn både til lokale tradisjonar for gudsteneste og liturgisk praksis og til heile den sosiale og kulturelle samanhengen ein står i. Normalt bør ei slik lokal tilpassing skje i ei økumenisk ramme. Nokre stader finst det alt økumeniske strukturar som naturleg tar ansvar for å legge materialet til rette. Andre stader voner vi at trongen til tilpassing kan skapa grobotn for å danna slike strukturar.

Bruk av materialet for Bøneveka

- Kyrkjer og forsamlingar som saman markerer Bøneveka gjennom ei einskild felles gudsteneste, kan nytta ordninga for økumenisk gudsteneste i materialet.
- Kyrkjer og forsamlingar kan og gjerne innarbeida materialet frå Bøneveka i sine egne gudstenester. Då kan ein nytta bøner frå den økumeniske gudstenesta, frå "dei åtte dagane", eller frå utvalet av tilleggsmaterialet slik det høver i egne samanhenger.
- Forsamlingar som markerer Bøneveka med gudstenester kvar dag gjennom heile veka, kan nytta materialet frå "dei åtte dagane" til desse gudstenestene.
- Dei som vil gjera bibelstudium over temaet for Bøneveka, kan nytta bibeltekstane og andaktane frå "dei åtte dagane" som utgangspunkt. Samtalane kan munna ut i bøn.
- Dei som ønskjer å be åleine, kan finna hjelp i materialet til å konkretisera bønna. Slik kan dei få visse om å be saman med kristne frå heile verda om at einskapen i Kristi kyrkje må verta synleg.

Lukas 24

24 Ved daggry første dagen i veka kom kvinnene til grava og hadde med seg den angande oljen dei hadde gjort i stand. 2 Då fekk dei sjå at steinen var rulla ifrå grava. 3 Dei gjekk inn, men fann ikkje Herren Jesu kropp. 4 Dei visste ikkje kva dei skulle tru, men med eitt stod det to menn hos dei i skinande klede. 5 Kvinnene vart forfærde og bøygde seg med andletet mot jorda. Då sa mennene til dei: «Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? 6 Han er ikkje her, han er stått opp. Kom i hug kva han sa til dykk medan han endå var i Galilea: 7 'Menneskesonen skal gjevast over i hendene til syndige menneske og bli krossfest, og tredje dagen skal han stå opp.» 8 Då kom dei i hug orda hans. 9 Og dei gjekk bort frå grava og fortalde alt dette til dei elleve og til alle dei andre. 10 Det var Maria Magdalena, Johanna og Maria, mor til Jakob, som saman med dei andre kvinnene fortalde dette til apostlane. 11 Men dei tenkte det var laust snakk og trudde dei ikkje. 12 Peter reiste seg likevel og sprang til grava, og då han bøygde seg inn, såg han ikkje anna enn linkleda. Så gjekk han tilbake til huset der han budde, og undra seg over det som hadde hendt.

13 Same dagen var to disiplar på veg til ein landsby som heiter Emmaus, seksti stadiar frå Jerusalem, 14 og dei tala med kvarandre om alt det som hadde hendt. 15 Medan dei no tala saman og drøfte dette med kvarandre, kom Jesus sjølv og gav seg i lag med dei. 16 Men auga deira vart hindra i å sjå, så dei ikkje kjende han att. 17 «Kva er det de går og talar med kvarandre om?» spurde han. Då stansa dei, fulle av sorg. 18 Den eine, han som heitte Kleopas, svara: «Du må vera den einaste framande i Jerusalem som ikkje veit kva som har hendt der desse siste dagane.» 19 «Kva er det?» spurde han. «Det med Jesus frå Nasaret,» svara dei. «Han var ein profet, mektig i ord og gjerning for Gud og heile folket. 20 Men overprestane og rådsherrane våre utleverte han, fekk dømt han til døden og krossfeste han. 21 Og vi som hadde vona at han var den som skulle setja Israel fri! Men no er det alt tredje dagen sidan dette hende, 22 og nokre kvinner blant oss har sett oss i uro og undring. I dag tidleg var dei ved grava 23 og fann ikkje kroppen hans, men dei kom tilbake og fortalde at dei hadde sett eit syn av englar som sa at han lever. 24 Nokre av våre folk gjekk då ut til grava, og dei fann det nett slik som kvinnene hadde sagt, men han sjølv såg dei ikkje.»

25 Då sa han til dei: «Kor lite de skjønar, og kor seine de er til å tru alt det profetane har sagt! 26 Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?» 27 Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene, heilt frå Moses og hos alle profetane.

28 Då dei kom bort imot den landsbyen dei skulle til, gjorde han som han ville gå vidare. 29 Men dei bad han inntrengjande og sa: «Ver hos oss! Det kveldar, og dagen er på hell.» Då gjekk han inn og gav seg til hos dei. 30 Og medan han sat til bords med dei, tok han brødet, bad takkebøna, braut det og gav dei. 31 Då vart auga deira opna, og dei kjende han att. Men han vart usynleg for dei. 32 Dei sa til kvarandre: «Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegen og opna skriftene for oss?» 33 Og dei tok ut med ein gong og gjekk attende til Jerusalem. Der fann dei alle elleve og venene deira samla, 34 og desse sa: «Herren er sanneleg stått opp og har synt seg for Simon.» 35 Då fortalde dei to om det som hadde hendt på vegen, og korleis dei hadde kjent han att då han braut brødet.

36 Medan dei snakka om dette, stod Jesus sjølv midt imellom dei og sa: «Fred vere med dykk!» 37 Dei vart forfærde og redde, for dei trudde det var ei ånd dei såg. 38 Men han sa til dei: «Kvifor er de så urolege, og kvifor vaknar tvilen i hjarta dykkar? 39 Sjå hendene og føtene mine. Det er eg. Ta på meg og sjå! Ei ånd har ikkje kjøt og bein, som de ser at eg har.»

40 [Så synta han dei hendene og føtene sine.] 41 Då dei av rein glede enno ikkje kunne tru, men berre undra seg, sa han: «Har de noko å eta her?» 42 Dei gav han eit stykke steikt fisk, 43 og han tok det og åt medan dei såg på.

44 Så sa han til dei: «Dette var det eg tala til dykk om medan eg endå var saman med dykk, at det måtte oppfyllest, alt det som står skrive om meg i Moselova, hos profetane og i Salmane.» 45 Så opna han forstanden deira så dei kunne skjøna skriftene, 46 og han sa til dei: «Slik står det skrive: Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen, 47 og i hans namn skal omvending og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag; de skal byrja i Jerusalem. 48 De er vitne om dette. 49 Eg sender over dykk det som Far min har lova. Men de skal halda dykk i byen til de blir kledde med kraft frå det høge.»

50 Så førte han dei ut av byen mot Betania. Han lyfte hendene og velsigna dei. 51 Medan han velsigna dei, skildest han frå dei og vart teken opp til himmelen. 52 Då fall dei på kne og tilbad han. Så gjekk dei tilbake til Jerusalem i stor glede. 53 Sidan var dei stadig i tempelet og lova og prisa Gud.

Presentasjon av temaet for Bøneveka 2010

Gjennom det siste hundreåret har forsoninga mellom kristne skjedd i mange ulike former. Åndeleg økumenikk har vist kor viktig bøna er for kristen einskap. Mykje kraft har vore nytta til teologisk forskning som har lagt grunnen for læreavgjerder kyrkjene kan stå saman om. I sosiale saker har praktisk arbeid, der fleire kyrkjer har tatt del, skapt mange fruktbare tiltak. Ved sida av desse viktige tiltaka har spørsmålet om misjon hatt ein sentral plass. Det er til og med vanleg å sjå Verdsmisjonskonferansen i Edinburgh i 1910 som byrjinga på den moderne økumeniske rørsle.

Misjon og einskap

Sjølvsagt vil ikkje alle sjå samanhengen mellom misjonsverksemda og ønsket om kristen einskap. Likevel må det vel vera klårt at engasjementet for misjon i kyrkja må gå hand i hand med forpliktinga til kristen einskap. Fordi vi er døypte, er vi allereie ein lekam, og vi er kalla til å leva saman. Gud har gjort oss til systrer og brør i Kristus. Skulle ikkje det vera det grunnleggjande vitnesbyrdet vi er kalte til?

Historia viser at spørsmålet om kristen einskap ofte først vart reist av misjonærar. Det var praktiske grunnar til dette. Men det var og for å koma vekk frå "tevlingar" om kven som gjorde mest i møte med menneskeleg og materiell naud. Dei fordelte områda for evangelisering mellom seg, og dreiv kvar si parallelle verksemd, men dei starta og nokre felles prosjekt. Misjonærar frå ulike kyrkjer kunne til dømes slå kreftene saman for å få til ei ny omsetjing av Bibelen. Dette samarbeidet i tenesta for Guds ord gjorde at mange tok til å tenkja gjennom skilja mellom kristne.

Utan å nekte for dei motsetningane som fanst mellom misjonærar frå ulike kyrkjer, skulle vi og hugsa på at dei som kom først til misjonsmarka, også var dei første til å sanna det tragiske ved at kyrkja er så splitta. Europa var van med usemje mellom kyrkjene. Men når misjonærar forkynte evangeliet til folk som tidlegare aldri hadde høyrte om Kristus, fekk dei sjå kva for ein fæl støytestein kyrkjesplittinga er. Sjølvsagt har dei historiske skilja mellom kyrkjene teologiske grunnar, men dei skjedde i ein bestemt historisk, politisk og intellektuell samanheng. Kunne det vera rett å eksportera desse skilja til folk som var i ferd med å oppdaga Kristus? Dei nystarta lokale kyrkjene kunne ikkje unngå å sjå gapet mellom bodskapen om kjærleik, som dei ønskte å leva ut, og den aktuelle splittinga mellom Kristi disiplar. Korleis kan du få andre til å skjønna forsoninga vi får hos Jesus Kristus om dei døypte sjølv ignorerer kvarandre eller til og med slåst? Korleis kunne kristne grupper, som levde i fiendskap med kvarandre, forkynna ein Herre, ein dåp og ei tru slik at det vart verd å tru på? Det var ikkje mangel på økumeniske spørsmål for deltakarane på konferansen i Edinburgh i 1910.

Misjonskonferansen i Edinburgh 1910

Sumaren 1910 møttest dei offisielle utsendingane frå misjonsselskap i ulike greiner av protestantismen og anglikanismen i den skotske hovudstaden. Mellom dei var og ein gjest frå dei ortodokse kristne. Konferansen skulle ikkje fatta vedtak og hadde ikkje andre mål enn å hjelpa misjonærane og å skapa ei kjensle av fellesskap og samordna arbeidet deira. Berre dei misjonsselskapa som forkynte evangeliet på nye stader der Kristus enno ikkje var kjent, tok del på konferansen. Derfor vart ikkje selskapa som arbeidde i Latin-Amerika eller Midt-Austen, der den Romersk-katolske kyrkja og dei ortodokse kyrkjene alt hadde vore ei lang tid, innbedne.

I 1910 hadde det kyrkjelege landskapet i Skotland tatt til å bli meir mangfaldig, og den romersk-katolske og den episkopale kyrka kunne på nytt gleda seg over å få spela ei større

rolle. Edinburgh vart vald som stad for konferansen på grunn av sitt intellektuelle og kulturelle liv. Namngjetne teologar og kyrkjeleiarar i byen var og årsak til at byen blei valt. Dessutan var dei skotske protestantiske kyrkjene særskild aktive i misjonen, og dei var kjende for å ta særleg omsyn til lokale kulturar.

Dei kristne kyrkjene i Skotland i dag

For å halda fram denne viktige hendinga i historia til den økumeniske rørsla var det naturleg for dei som tar hand om Bøneveka for kristen einskap - Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet og Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap – å be dei skotske kyrkjene om å førebu Bøneveka for kristen einskap 2010 samstundes som dei er med på å førebu feiringa av konferansen i 1910. Som tema hadde konferansen den gongen "Å vitna om Kristus i dag". I tråd med dette har dei skotske kyrkjene føreslått at temaet i 2010 skal vera "De er vitne om dette". (Lukas 24,48)

Tema frå Bibelen: De er vitne om dette

I den økumeniske rørsla har vi ofte dvelt ved dei siste samtalane Jesus hadde med disiplane før han døydde. Som eit testamente vert det der halde fram kor viktig einskapen mellom disiplane til Jesus er: "at dei alle må vera eitt, ... så verda skal tru". (Joh 17,21) Dette året har dei skotske kyrkjene gjort eit originalt val idet dei bed oss vera med og høyra på den siste samtalen Jesus hadde med disiplane før himmelfarten. "Slik står det skrive: Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen, og i hans namn skal omvendning og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag; de skal byrja i Jerusalem. De er vitne om dette." (Luk 24,46-48) Det er desse siste orda til Kristus vi skal arbeida med kvar dag.

I Bøneveka for kristen einskap 2010 skal vi følgje heile kapittel 24 hjå Lukas. Alle som møter den oppstadne Kristus, vert sende ut som misjonærar, anten det er dei skrekkslagne kvinnene ved grava, dei to vonbrotne disiplane på vegen til Emmaus, eller dei elleve disiplane som er fylt av tvil og redsle: "De er vitne om dette". Det er Kristus som gjev oppdraget til kyrkja, og ingen kan ta det frå han. Berre dei som har vorte forsona med Gud, kann vitna om at krafta til frelse i Jesus Kristus er sann.

Vi aner at Maria Magdalena, Peter og dei to læresveinane på veg til Emmaus ikkje vil vitna på same viset. Likevel vil sjølve hjartet i vitnesbyrden deira vera bodskapen om at Jesus sigra over døden. Det at dei sjølv møtte den oppstadne, har endra livet deira heilt og fullt. For kvar og ein av dei er det eitt som har vorte naudsynt: "De er vitne om dette." Historia dei vil fortelja vil framheva ulike ting, og likevel vil dei alle forkynna det same evangeliet.

Dei åtte dagane

Kvar dag i Bøneveka for kristen einskap 2010 skal vi arbeida med kapittel 24 hjå Lukas og stogga ved spørsmåla som reiser seg der: det Jesus spør disiplane om og det disiplane spør Jesus om. Kwart spørsmål let oss kasta ljøs inn over ein særskilt måte å vitna om den oppstadne på. Kwart spørsmål hjelper oss å tenka gjennom det at kyrkja er splitta og korleis vi heilt konkret kan gjera noko med det. Vi er allereie vitne, og vi treng verta betre vitne. Men korleis?

- ved å prisa Den eine som gjev oss livsens gåve og oppstoda (1. dagen)
- ved å vita korleis vi kan dela trushistoria vår med andre (2. dagen)
- ved å skjønna at Gud arbeider i livet vårt (3. dagen)
- ved å takka for trua vi har fått (4. dagen)
- ved å vedkjenna at Kristus har sigra over all liding (5. dagen)
- ved å freista bli alt meir tru mot Guds ord (6. dagen)
- ved å veksa i tru, von og kjærleik (7. dagen)

ved å visa gjestevenskap mot andre, og vita korleis vi skal ta imot når vi sjølve møter gjestevenskap (8. dagen).

Kanskje kunne vi vitna om Kristus med større truskap på kvart av desse områda om vi vitna saman?

Edinburgh 2010

I juni 2010 skal ein markera Misjonskonferansen som fann stad i byen hundre år tidlegare med eit stort jubileumsmøte (www.edinburgh2010.org). Dei som førebur feiringa ønskjer at den skal skje med takk for at Gud har gjeve misjonsverksemda stor framgang. Det skal vera god plass til bøn om å få gje det vitnemålet om Kristus som kyrkjene skal bera fram saman i det 21. hundreåret. På jubileumsmøtet skal dei som har arbeidd lenge på misjonsmarka få høve til å dela røynsler og synsmåtar med representantar for nyare strøymingar i misjonen. Folk frå ulike kyrkjetradisjonar skal og få høve til å drøfte misjonspraksisen sin med andre.

Verda har endra seg mykje sidan 1910, og enno ein gong er det naudsynt å tenkja igjennom kva misjon skal vera. Sekularisering og avkristning, nye media for kommunikasjon, relasjonar mellom kyrkjene og dialog med andre religionar er nokre av sakene som må diskuteras. Sjølv om alle står saman om at det er naudsynt for disiplane til Jesus å vitna om han, så er det framleis vanskeleg å koma fram til semje om korleis misjonen skal vera i vår tid. Innanfor kvart einskild kyrkesamfunn manglar det ikkje på diskusjon. Men kva om diskusjonen kunne vinna på at alle kyrkjene kunne ta del i han saman?

1910 ... 2010: Kristne har innerst inne same kjensle av at det hastar. For menneska i ei splitta verd er ikkje evangeliet nokon luksus. Det kan ikkje forkynnast med røyster som seier imot kvarandre. I Kristus kan dei som er fylte av hat, finna ein veg til forsoning. I Kristus kan dei som opplever skiljemurar, finna gleda ved å leve som sysken. "De er vitne om dette."

Førebuinga av materialet til Bøneveka for kristen einskap 2010

Arbeidet som førte fram til det materialet som her ligg føre, vart gjort av ei skotsk økumenisk gruppe sett saman av Dei skotske kyrkjene i samhandling (Action of Churches Together in Scotland, (ACTS)) etter ein førespurnad frå Konferansen av Katolske biskopar. Vi vil særskilt takka alle dei som deltok:

Mr. Andrew Barr (Den episkopale kyrkja i Skotland)
Major Alan Dixon (Frelsesarmeen)
Rev. Carol Ford (Den skotske kyrkja)
Rev. Willie McFadden (Den romersk-katolske kyrkja)
Rev. Lindsay Sanderson (ACTS, Den sameinte reformerte kyrkja)

Tekstane som vert lagt fram her, blei fullført i eit møte i den internasjonale førebungsgruppa som er sett opp av Kommisjonen for tru og kyrkjeordning under Verdskyrkjerådet og Det pavelege rådet til fremje av kristen einskap. Denne gruppa kom saman på Scotus College, Skotlands nasjonale romersk-katolske seminar i Glasgow. Vi vil retta ein særskild takk til rektor ved seminaret, Rev. William McFadden, seminaristane og heile staben for at dei tok så vel imot oss, hjalp oss og følgde oss med bøn i arbeidet. Til sist eit eige takkens ord til Rev. Lindsay Sanderson (assisterande generalsekretær i ACTS) for at han har revidert tekstane saman med Rev. McFadden, for bønestundane vi hadde saman og for vitjingane han organiserte hos representantar for dei ulike kyrkjesamfunna i Skotland, og ikkje minst for førebuinga av møtet.

Innleiing til den økumeniske gudstenesta

De er vitne om dette (Luk 24,48)

"De er vitne om dette" er sett som tema for Bøneveka for kristen einskap 2010. Ordet er henta frå det 24. kapitlet i Lukasevangeliet og er ei berebjelke i denne gudstenesta. Det same temaet har dei skotske kristne valt for feiringa av 100-årsminnet om Misjonskonferansen i Edinburgh. I 1910 fekk deltakarane på møtet i Edinburgh høyra profetbodskap om korleis skiljemurane mellom kristne ikkje berre svekkjer verknaden av misjonsarbeidet, men at dei jamvel er ein støytstein for vitnemålet om kyrkja som Kristi lekam og for den tenesta ho har i verda.

I 2010 innbyr dei kristne i Skottland til økumeniske samlingar der dei les høgt frå heile kapittel 24 hjå Lukas. På det viset kjem forkynninga, takken, bønene og feiringa av å vera sendt til verda med evangeliet inn i sin rette samanheng. Det at Kristus stod opp frå grava tredje dagen, er sjølv grunnlaget for fellesskap mellom kyrkjene og for alt misjonsarbeid. Oppstoda er eigentleg bandet mellom misjonstenesta og einskapen, og skapar difor ei vedvarande naud for oss til å halda fram med arbeidet for kristen einskap. Det var nett denne samanhengen mellom evangelisering og økumenikk som pionerane i den økumeniske rørsla i det 20. hundreåret heldt fram så sterkt og klårt.

Ordninga av gudstenesta

Ordninga av gudstenesta er med fullt overlegg gjort heilt enkel. Ein har valt å gjera det slik for at det skal vera greitt å tilpassa gudstenesta til lokale situasjonar og for at kristne frå ulike tradisjonar utan vanskar og med respekt for ulikskapen kan koma saman for å be. Det er fullt mogleg å utvida en del av gudstenesta. Den enkle strukturen er sett saman av 1) samling, 2) Guds ord, 3) bønene og 4) utsending. Dette gjer at forsamlingar som ønskjer friare former for gudstenesta og frie bønner, også kan nytta materialet.

1. Samling

Salme til opning. Medan forsamlinga syng denne salmen, vert Bibelen eller evangelieboka bore fram og plassert på ein lesepult, eit bord eller alter etter lokal skikk.

Med *inngangsorda* ønskjer gudstenesteleiaren dei ulike kyrkjene og samfunna velkomne saman med leiarane deira. Forsamlinga vert så oppmoda til å takka Gud for at hans son, Jesus Kristus, stod opp frå dei daude og be om at Den heilage Ande må koma og fornya misjonen og einskapen mellom kristne i tråd med kallet frå Edinburgh i 1910 (sjå den generelle innleiinga og avsnittet ovanfor).

Bøna til opning kan og takast frå tillegget.

2. Forkynning av Lukas 24

Evangeliesalmen kan vera ein påskesalme, eit Gloria, eit Halleluja-vers, ein bibelsk påskesalme eller ein salme om å senda ut vitne om oppstoda.

De vert oppmoda til å lesa heile Luk 24 som evangelietekst. Dette kan ein gjera med ein eller fleire lesarar: forteljaren, røysta til Jesus, englane, Emmausdisiplane og Jerusalemdisiplane.

Ved vers 34 er det mogleg å laga ein dialog med forsamlinga:

Lesar: Er det sant at Herren er oppstaden og har synt seg for Simon?

Forsamling: Ja, det er sant! Kristus er oppstaden, Kristus er sanneleg oppstaden!

Halleluja!

Ei anna moglegheit er å syngja eit lovsangsvers mellom dei tre delane i kapitlet: Påskebodskapen ved grava (v 1-12), Kristus syner seg for disiplane på vegen til Emmaus (v

13-35), Kristus syner seg for dei elleve (v 36-53). Ein kan vidare uttrykkja lovprisinga på fleire vis, til dømes ved å klappa i hendene etter kvar gong den oppstadne syner seg, slik ein gjer i den kaldeiske kyrkja.

- Særleg når barn og unge tek del, kan ein nytta mime eller andre teaterformar.

- Det er og mogleg å nytta ikon, bilete eller film/video ...

Før og etter preika kan ein setja av tid for song, musikk eller stille.

3. Takkebøn og forbøn

Desse bønene speglar det materialet som er førebudd for kvar dag i bønveka. Dei påkallar Herrens namn og prisar Gud for at han er nådig og miskunnsam mot oss i Jesus Kristus. Samstundes er dei påkalling og bøn om at Gud må skapa seg vitne om evangeliet og at desse vitna må vera sameinte i tru og dåp og i felles vitnemål frå ei kyrkje som står saman i vona.

4. Utsending

Ei bøn, skriven av ein skotsk kristen, kan nyttast som bøn om truskap. Den gjev uttrykk for at vi treng Guds signing no og i framtida, både over den økumeniske rørsle og over det vi gjer som vitne om evangeliet. Når vi i året 2010 møter ei ny "Edinburghforplikting", skulle bønensamlingane våre vera prega av eit kall som er viktigare enn nokon gong: å stå saman i evangeliseringa. Måtte vi alle vera eitt så verda skal tru, og måtte vi verta styrkte til å svara på kallet frå Kristus så vi kan bera eit sameint vitnemål om hans oppstode.

Om å nytta materialet til bøn i annan samanheng

Denne gudstenesteordninga kan og nyttast som ei felles gudsteneste til å markera påsken i 2010 eller i dei åra då kristne feirar påske på same dag (4. april 2010, 24. april 2011, 20 april 2014, 16 april 2017). Materialet kan og nyttast til gudsteneste i lokale kyrkjer og forsamlingar.

Ordning for økumenisk gudsteneste

L: *Leiar*
F: *Forsamling*

1. Samling

Inngangssalme

Inngangsord

Anten:

L: ”Éin kropp og éin Ande, liksom de fekk éi von då de vart kalla...”
F: ”éin Herre, éi tru, éin dåp, éin Gud og Far for alle, han som er over alle og gjennom alle og i alle.”

Eller:

L: ”Slik står det skrive: Messias skal lida og stå opp frå dei døde tredje dagen, og i hans namn skal omvendning og tilgjeving for syndene forkynnast for alle folkeslag; de skal byrja i Jerusalem...”
F: ”Vi er vitne om dette.”

Helsing

Bøn til inngang

Oppstadne Kristus,
på vegen til Emmaus gjekk du saman med disiplane.
Ver saman med oss der vi vandrar i tru
på livsens vegar og på alle møtestader.
Hjelp oss å ta imot andre menneske
og lye til historiene dei fortel med opne sinn.
Tenn opp att i oss ønsket om å forkynna ordet ditt,
lat ordet lysa opp i oss så hjarta våre brenn etter å tala om det .
Lat din heilage Ande læra oss kunsten å utleggja skrifta
og lat opp auga våre så vi kan sjå deg.
Gje oss mot til å verta sårbare
så systrene og brørne våre kan kjenna deg gjennom oss
og vi kan kjenna deg gjennom dei.
Amen

2. Feiring av Guds ord

Evangeliesong

Lesing av heile kapittel 24 frå Lukasevangeliet

Preike

Salme

Fredshelsing

L: Jesus sa til disiplane sine: ”Fred etterlèt eg dykk, min fred gjev eg dykk.” Sjå ikkje på syndene våre, men på trua til kyrkja di. Gje fred til kyrkja så vi kan gjera viljen din og lei oss til fullkomen einskap, du som lever og råder med Faderen og Den heilage Ande, nå og alltid.

F: Amen

L: Herrens fred vera med dykk.

F: Og også med deg.

Eller

L: Kristus er oppstaden.

F: Han er sanneleg oppstaden! Halleluja.

Den nikenske truedkjening (Utan ”filioque”)

Ofring og salme

3. Bøner

Gud, vår skapar og frelsar, vi prisar deg for alle dei ulike fellesskapa våre som gjennom ord og gjerningar saman ønskjer å vedkjenna trua på den oppstadne Kristus som gjev oss liv.

Gje oss å ta den økumeniske forpliktinga vår meir på alvor så vi saman kan takka for skaparverket og saman kan arbeida for betre livskår.

Kyrie eleison (eller eit anna sunge svar)

Gud, du har openberra deg for oss i historia. Vi takkar deg for at du er med oss og har gjeve oss Sonen din for å syna oss din kjærleik og dela din herlegdom med oss.

Lei alle dei som ber vitnemål om evangeliet og arbeider for einskap så dei med tolmod nøye kan lya til andre folks kultur og historie.

Kyrie eleison

Gud, du som aldri sviktar oss, vi takkar deg for den opplevinga dei to disiplane på vegen til Emmaus hadde med den oppstadne Kristus.

Gje oss å kjenna at Kristus er nær oss på reisa vår. Gjer hjartet vårt varmt og sinnet opent så vi kan vera vitne om at du alltid er nær i krafta av hans oppstode.

Kyrie eleison

Gud, frå deg kjem all fullkomen gåve. Vi takkar deg for den skya av vitne som heilt frå den første påskemorgonen gjeve vidare trua frå apostlane gjennom slekter og generasjonar. (Sankt Ninian, Sankt Colombus ... *-her kan kvar forsamling nemna lokale evangelistar og martyrar*). Vi bed om at vi må verta trufaste mot denne trua som er overgjeve til oss, og at vi kan verta kreative og saman opne nye vegar for evangeliet.

Kyrie eleison

Miskunnsame Gud, vi takkar deg fordi du har forsona verda ved krossen til din Son.

Lat trua vår vekse slik at kyrkjene våre og kvar einskild av oss med Kristus og etter hans førebilete alltid kan stå saman med menneske i livet, lidinga og dauden.

Kyrie eleison

Gud, vi set vår von til deg og prisar deg for løftet Jesus gav: "Sjå, eg er med dykk alle dagar så lenge verda står." Du ser korleis tvil uroar hjarta våre på vegen mot kristen einskap. Vi vil så gjerne følgje dømet frå dei økumeniske pionerane på Edinburg-konferansen i 1910. Gje oss mot til å visa frå oss angsten vi kjenner og gje oss å sjå klårt så vi nå, i 2010, kan kjenna oss trygge på vegen for å fullføra din vilje.

Herrens bøn

4. Utsending

Bøn om overgjeving

L: Lat oss be.
F: Tak oss frå her vi er til der du ønskjer vi skal vera.
Lat oss ikkje berre vakta på ein arv,
men vera levande teikn på ditt rike som kjem.
Tenn opp i oss ein eld for rettferd og fred mellom alle folk.
Fyll oss med tru og von og kjærleik så vi kan femna evangeliet
og verta til eitt ved krafta av Din heilage Ande.
Vi overgjev oss sjølve til å elska og tena deg,
og til å følgja deg som pilegrimar og ikkje som framande,
så verda kan tru og ditt namn vere høglova i landet vårt,
og kyrkja di enno meir kan vera din kropp.

(ACTS overgjevingsbøn. Teken frå stiftingsgudstenesta til *Action of Churches Together in Scotland*, Dei skotske kyrkjene i samhandling)

Velsigning

- L: Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærleik
og Den Heilage Andes samfunn vere med dykk alle!
F: Og også med deg.

Eller

- L: Herren, som sigra over mørkret med ljøs, gjeva dykk fred.
Herren, som sigra over dauden med liv, gjeva dykk fred.
Herren, som sigra over einsemd med kjærleik, gjeva dykk fred.

Eller ein annan velsigning

Utending

- L: I dag seier den oppstadne Kristus til oss: "Som Faderen har sendt meg, sender eg
dykk."
F: Amen.
- L: Vi har høyrte den glade budskapen om at Jesus stod opp. "Vi er vitne om dette." Gå
difor i fred med Kristus. Halleluja!
F: Gud vera takk. Amen. Halleluja!

Slutningsalme

Ordning for Økumenisk bønnegudstjeneste (BM)

L: *Leder*

F: *Forsamling*

1. Samling

Inngangssalme

Inngangsord

Enten

L "Én kropp, én Ånd, slik dere fikk ett håp da dere ble kalt .."

F "Én Herre, én tro, én dåp, én Gud og alles Far, han som er over alle og gjennom alle og i alle.

Eller

L: "Slik står det skrevet: Messias skal lide og stå opp fra de døde tredje dag, og i hans navn skal omvendelse og tilgivelse for syndene forkynnes for alle folkeslag; dere skal begynne i Jerusalem."

F: Vi er vitner om dette.

Hilsen

Bønn til inngang

Oppstandne Kristus,
på veien til Emmaus gikk du sammen med disiplene.
Vær sammen med oss der vi vandrer i tro
på livets veier og ved alle møtesteder.
Hjelp oss å ta imot andre mennesker
og lytte til historiene de forteller med åpne sinn.
Tenn opp i oss ønsket om å forkynne ditt ord,
la ordet lyse opp i oss så hjertene våre brenner etter å snakke om det.
La din hellige Ånd lære oss kunsten å utlegge skriften
og lukk opp våre øyne så vi kan se deg.
Gi oss mot til å være sårbare
så våre søstre og brødre kan kjenne deg gjennom oss
og vi kan kjenne deg gjennom dem.
Amen.

2. Feiring av Guds ord

Evangeliesang

Lesning av hele kapittel 24 fra Lukasevangeliet

Preken

Salme

Fredshilsen

L: Jesus sa til disiplene sine: "Fred etterlater jeg dere, min fred gir jeg dere." Se ikke på våre synder, men på din kirkes tro. Gi fred til kirken så vi kan gjøre din vilje, og led oss til fullkommen enhet, du som lever og råder med Faderen og Den hellige Ånd, nå og alltid.

F: Amen

L: Herrens fred være med dere.

F: Og også med deg.

Eller

L: Kristus er oppstanden!

F: Han er sannelig oppstanden! Halleluja.

Den nikenske trosbekjennelse (uten *filioque*)

Ofring og salme

3. Bønner

Gud, vår skaper og frelser, vi priser deg for alle våre ulike fellesskap som gjennom ord og handling sammen ønsker å bekjenne troen på den oppstandne Kristus som gir oss liv.

Gi oss å ta vår økumeniske forpliktelse mer på alvor så vi sammen kan takke for skaperverket og sammen arbeide for vedre livsvilkår.

Kyrie eleison (eller et annet sunget svar)

Gud, du har åpenbart deg for oss i historien. Vi takker deg for at du er med oss og har gitt oss din Sønn for å vise oss din kjærlighet og dele din herlighet med oss.

Led alle dem som bærer vitnesbyrd om evangeliet og arbeider for enhet så de med tålmodighet kan lytte til andre folks kultur og historie.

Kyrie eleison

Gud, du som aldri svikter oss, vi takker deg for den opplevelsen de to disiplene på veien til Emmaus hadde med den oppstandne Kristus.

Gi oss å kjenne at Kristus er nær oss på vår reise. Gjør hjertet vårt varmt og sinnet åpent så vi kan være vitner om at du alltid er nær i kraften av hans oppstandelse.

Kyrie eleison

Gud, fra deg kommer all fullkommen gave. Vi takker deg for den skyen av vitner som like fra den første påskemorgen har gitt apostlenes tro videre gjennom slekter og generasjoner. (Sankt Ninian, Sankt Colombus ... - *her kan hver forsamling nevne lokale evangelister og martyrer*). Vi ber om at vi forbli trofaste mot denne troen som er overgitt oss, og at vi kan være kreative og sammen åpne nye veier for evangeliet.

Kyrie eleison

Barmhjertige Gud, vi takker deg for at du har forsonet verden ved din Sønnns kors.

La troen vår vokse slik at kirkene våre og hver enkelt av oss med Kristus og etter hans forbilde alltid kan stå sammen med mennesker i liv, lidelse og død.

Kyrie eleison

Gud, vi setter vårt håp til deg og priser deg for løftet Jesus ga: "Se, jeg er med dere alle dager inntil verdens ende." Du ser hvordan tvil uroer hjertet vårt på veien mot kristen enhet. Vi vil så gjerne følge eksemplet fra de økumeniske pionerene på Edinburgh-konferansen i 1910. Gi oss mot til å vise fra oss angsten vi kjenner og hjelp oss å se klart så vi nå, i 2010 kan kjenne oss trygge på veien for å fullføre din vilje.

Herrens bønn

4. Utsendelse

Bønn om overgivelse

L: La oss be.
F: Ta oss fra her hvor vi er til der du ønsker vi skal være.
La oss ikke bare vokte på en arv,
men være levende tegn på ditt rike som kommer.
Tenn opp i oss en ild for rettferdighet og fred mellom alle folk.
Fyll oss med tro og håp og kjærlighet så vi kan favne evangeliet
og bli ett ved kraften av Din hellige Ånd.
Vi overgir oss selv til å elske og tjene deg,
og til å følge deg som pilegrimer og ikke som fremmede,
så verden kan tro og ditt navn være høylovet i landet vårt,
og din kirke stadig mer kan være din kropp.

(ACTS overgivelsesbønn. Tatt fra stiftelsesgudstjenesten til
Action of Churches Together in Scotland,
De skotske kirkene i samhandling)

Velsignelse

L: Herren Jesu Kristi nåde, Guds kjærlighet
og Den hellige Ånds samfunn være med dere alle!
F: Og også med deg.

eller

L: Herren, som seiret over mørket med lys, gi dere fred.
Herren, som seiret over døden med liv, gi dere fred.
Herren som seiret over ensomhet med kjærlighet, gi dere fred.

eller en annen velsignelse

Utsendelse

L: I dag sier Kristus til oss: ”Som Faderen har send meg, sender jeg dere.”
F: Amen.

L: Vi har hørt det glade budskap om at Jesus sto opp. Vi er vitner om dette. Gå derfor i
fred med Kristus. Halleluja!

F: Gud være takk. Amen. Halleluja!

Slutningssalme

Første dagen Tema - vitnemål ved å feira livet

Tekst – Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde? (Luk 24,5)

Lesetekster

1 Mosebok 1,1.26-31	Og Gud skoda alt det han hadde gjort, og sjå, det var overlag godt.
Salme 104,1-24	Herre, kor mange dine gjerningar er.
1 Korintarbrev 15,12-20	For står ikkje døde opp, så har heller ikkje Kristus stått opp.
Lukas 24,1-5	Kvifor leitar de etter den levande mellom dei døde?

Kommentar

Vegen vår til kristen einskap byggjer på den trua vi deler, at Jesus Kristus er oppstaden. Vi takkar ikkje berre for det livet Gud har gjeve oss. Vi takkar og for det nye livet vi får gjennom det at Jesus sigra over døden ein gong for alle. Nå vi kjem saman gjennom Bøneveka, vitnar vi om den trua vi har felles gjennom det at vi er opptekne av livet til alle menneske. Livet er ei gåve frå Gud til oss, og jo meir vi støtter og feirar livet, dess meir gjev vi vitnemål om han som gjennom sin store kjærleik gav oss livet frå først av.

Teksta frå 1. Mosebok minnar oss på Guds skaparkraft og energi. Og denne krafta og energien er det apostelen Paulus møter når han opplever Jesu oppstode. Han oppmodar folk i Korint til å lita fullt og heilt på den oppstadne Herre og det nye livet han vil gje. Salmen følgjer dette temaet vidare når den forkynner herlegdomen i Guds skaparverk.

Evangelieteksta oppmodar oss til at vi, når vi møter ein slik dødkultur som verda så ofte syner oss, må sjå etter det nye livet. Evangeliet gjev oss mot til å lita på krafta Jesus har og gjennom den få oppleva liv og helse.

I dag takkar vi Gud for alt som syner oss at Gud elsker oss: for heile skaparverket, for systre og brør i heile verda, for fellesskap i kjærleik, for tilgjeving og helse og evig liv.

Bøn

Vår Gud og skapar, vi prisar deg for alle som ber fram vitnemål om trua si gjennom ord og handling. Når vi lever livet heilt og fullt, kjenner vi i dei mange røynslene du gjev oss at du er nær oss med din kjærleik. La det vitnemålet vi ber fram når vi feirar livet, sameina oss i velsigninga di, du som er opphavet til alt liv.

Spørsmål til ettertanke

1. I kor stor grad kan ditt eige vitnemål og kyrkja sitt vitnemål feira livet?
2. Kan andre menneske gjennom ditt vitnemål oppleva at Jesus er stått opp frå dei døde?
3. Kvar i livet ditt finst det rom for vokster?
4. Er det ting frå fortida som kyrkjene held fast på, som skulle leggjast til ro på grunn av eit nytt økumenisk medvit?

Andre dagen Tema: Vitnemål ved å dela historier

Tekst - Kva er det de går og talar med kvarandre om? (Luk 24,17)

Lesetekster

Jeremia 1,4-8

Alle eg sender deg til, skal du gå til.

Salme 98

Syng ein ny song for Herren.

Apostelgjerningane 14,21-23 Dei styrkte disiplane.

Lukas 24,13-17a

Kva er det de går og talar med kvarandre om?

Kommentar

Når vi delar historier med kvarandre, gjev vi på ein kraftfull måte vitnemål om trua vår på Gud. Ved å lyda på kvarandre med vørdnad og omtanke får vi møta Gud i kvart menneske som vi delar historiene med.

Lesinga frå Jeremia gjev oss ei sterk skildring av korleis Gud kalte profeten. Han skal dela det han har fått og på det viset la Guds ord bli høyrte og verkeleggjort i livet.

Kallet til å forkynna Guds ord opplevde også disiplane i den tidlege kyrkja, slik vi høyrer det i lesinga frå Apostelgjerningane.

Salmeteksten lar oss syngja for Gud, fylt av takk og lovprising.

I dagens evangelieavsnitt møter vi Jesus som gjev oss ljøs og jagar bort mismotet vårt enda vi er blinde. Han hjelper oss til å forstå vår eiga historie i Guds store plan.

I denne bønneveka for kristen einskap lyder vi til troshistoriene frå andre kristne slik at vi kan møta Gud på mange måtar slik han har vist seg for oss. Med den moderne teknologien har vi fått nye vegar til å dela erfaringar med andre. Nye sambandsformer hjelper oss til å dela med andre i den virtuelle verda. Slik kan vi byggje ein fellesskap som er vidare og breiare enn den reint fysiske.

Når vi lyder merksam til kvarandre, vil vi veksa i tru og kjærleik. Trass i at vi gjev ulike personlege og felles vitnemål, kan vi sjå at vi er bundne saman i den eine historia om Guds kjærleik som er openberra i Jesus Kristus.

Bøn

Gud, du som er Herre over historia, vi takkar deg for alle som har delt trushistoria si med oss, og på det viset har fortalt oss om korleis du et til stades i livet deira. Vi prisar deg for at historiene våre er så ulike. I alle desse historiene, anten dei er personlege eller dei er knytte til kyrkjene, ser vi korleis den eine historia om Jesus Kristus bryt fram. Vi bed om mot og tryggleik til å dela trua vår med dei vi møter på vår veg slik at vi kan vera med på å spreia budskapet om deg til alle menneske.

Spørsmål til ettertanke

1. "Pratar du evangeliet", eller berre pratar du?
2. Kor viljug er du og kyrkja di til å bli trekte inn i andres historier?
3. Kor viljug er du til å dela trushistoria di med andre og på det viset fortelja om korleis Gud er nær i dine eigne erfaringar om liv og død?
4. Tenkjer du over kor mykje godt dei nye kommunikasjonsformene kan gje kyrkja i dag?

Tredje dagen Tema: Vitnemål ved å vera open for inntrykk

Tekst: Du må vera den einaste framande i Jerusalem som ikkje veit kva som har hendt der desse siste dagane. (Luk 24,18)

Lesetekster

1 Samuel 3,1-10

Tala, Herre, tenaren din høyrer!

Salme 23

Herren er min hyrding, det vantar meg ingen ting.

Apostelgjerningane 8,26-40

Filip forkynte evangeliet om Jesus for han.

Lukas 24,13-19a

Men auga deira vart hindra i å sjå, så dei ikkje kjende han att.

Kommentar

Å veksa i tru er ei samansett reise. Vi lever i ei tid då dei fleste har det travelt og er tynga under mange slags press og forplikting. Då kan ein lett koma til å oversjå at Gud openberrar sin kjærleik til oss i kvardagen. Jo meir vi omgjev oss med stressande aktivitetar, desto større er sjansen for å mista av syne det som ligg rett framfor auga våre. Nett som dei to disiplane i evangeliet tenkjer vi gjerne at vi veit kva som er verkeleg og freistar gjera klårt for andre kva vi meiner. Og likevel kjenner vi ikkje heile sanninga. I dag vert vi hjelpte til å sjå at Gud kan vera i dei overraskande og utrulege hendingane i livet.

I teksta frå det gamle testamentet høyrer vi korleis Gud kallar på Samuel og bed han bera vitnemål. Først av alt treng Samuel å høyre ordet frå Gud. Det å høyra krev at ein har eit ope sinn og er viljug til å lyda.

Både Filip og etiopiaren i teksta frå Apostelgjerningane opplever ønsket om å høyra Guds ord. Dei vitnar om trua si ved å svara på det dei vert spurde om nett i den aktuelle stunda. Dei lydar med eit ope sinn og svarar i samsvar med det dei høyrer.

Salmen om den gode hyrdingen speglar den stillfarande tiltrua hjå ein som kjenner Guds gode omsorg når han samlar flokken sin og leider dei til grønne enger.

I denne Bøneveka for kristen einskap skal vi freista å bli merksame på Gud i kvardagshendingar og opplevingar. Vi møter folk vi kjenner og andre som er framande. I slike møte lærer vi av kvarandre gjennom det dei andre har hatt av åndelege erfaringar, og slik får vi ny innsikt om Gud. Når vi på dette viset er opne for at Gud er nær, vert vi og utfordra til å arbeide for kristen einskap.

Bøn

Herre Jesus, gode hyrding, du kjem til oss og blir hjå oss i det daglege livet. Vi bed om nåde til å verta var alt det du gjer for oss. Hjelp oss til å vera opne for alt du vil gje oss og leid oss saman til ein flokk.

Spørsmål til ettertanke

1. Har du nokon gong vore klar over Guds nærleik i livet ditt?
2. Kva veit du om det som hender av godt og vondt i verda, og korleis kan kyrkjene saman svara på det?
3. Er det nok å vera open, eller er det noko meir du kunne gjera for å vitna om trua di?
4. Korleis kan du gjera deg sjølv merksam på Gud når røyndomen om Guds nærleik ikkje svarar til dine forventingar?

Fjerde dagen Tema – Vitnemål ved å feira trua vi har fått

Tekst: «Kva er det?» spurde han. «Det med Jesus frå Nasaret,» svара dei. (Luk 24,19)

Tekstlesingar

5 Mosebok 6,3-9

Herren er vår Gud, Herren er éin.

Salme 34

Støtt vil eg prisa Herren, stendig vil eg lovsyngja han.

Apostelgjerningane 4,32-35

Heile flokken av truande var eitt hjarte og eitt sinn

Lukas 24,17-21

Og vi som hadde vona...

Kommentar

Vi skyldar stor takk til dei som ved tru la grunnen for at vi kan leva som kristne i dag. Tallause menn og kvinner har gjennom bøner, vitnemål og tilbeding sikra at trua blei ført vidare til neste slektsledd. I Skottland har kristentraua ei mektig historie. Sankt Ninian i det 4. hundreåret, sankt Colombus i det 6. hundreåret og dei mange keltiske helgnane med ei tru som var rotfesta i kjærleik til Gud og undring over hans skaparverk. Vi kan og sjå kva for ei viktig rolle kristentraua spela hos skottane då reformasjonen breidde seg i det 16. hundreåret og i korleis dei sidan har vore trugne mot arven frå reformasjonstida.

Tekstlesingane i dag stadfester kor viktig ein støttande fellesskap er for trua om Guds ord skal verta spreidd. Avsnittet frå 5. Mosebok gjev oss ei vakker bøn som våre jødiske brør og systre nyttar kvar einaste dag for å prisa Gud. Salmen let oss prisa Gud for alt vi har motteke som truande. Slik kan vi bera fram vitnemål så trua vår skal syne seg i takk og pris. Orda frå Apostelgjerningane syner oss eit samfunn som blir halde saman i tru og omsorg. Evangelieteksta syner oss at Jesus sjølv er midtpunktet i det vi har fått gjennom trua.

Når vi i denne veka kjem saman med våre kristne brør og systre for å be om einskap, er vi glade for det rike mangfaldet i den kristne arven. Vi ber om at vi, når vi går fram i tru, kan koma endå nærare kvarandre dersom vi er merksame på den arveluten vi har felles.

Bøn

Herre Gud, vi takkar deg for alle einskildmenneske og fellesskap som har formidla den glade budskapen til oss og soleis har lagt grunnvollen for trua vår i dag. Vi bed om at vi saman kan vitna om trua vår slik at andre kan kjenna det og setja sin lit til sanninga om Jesus Kristus som gav livet for å frelsa verda.

Spørsmål til ettertanke

1. Kven har vore ditt førebilete for trua?
2. Kva for sider ved trua er til hjelp for deg i det daglege?
3. Kva meiner du er den viktigaste lærdomen du har fått?
4. Korleis kan du kjenna at Gud arbeider med deg når du er med på å gje trua vidare til nye slektsledd?

Femte dagen Tema: Vitnemål ved liding

Tekst - Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?
(Luk 24,26)

Tekstlesingar

Jesaja 50,5-9

Salme 124

Romarane 8,35-39

Lukas 24,25-27

Han er nær, han som hjelper meg til min rett.

Vi har vår hjelp i Herrens namn

Guds kjærleik i Kristus Jesus, vår Herre.

Så tok han til å leggja ut for dei det som står om han i alle skriftene

Kommentar

To hendingar som har funne stad i Skottland i dei seinare åra, sette plutselig dette vesle landet midt i merksemda for verdspressa. Det eine var bombeåtaaket på flyet over Lockerbie, det andre var skolemassakren i Dunblane. Dei meiningslause tapa av menneskeliv i desse hendingane vil alltid bli hugsa i den skotske nasjonen. Dei førte med seg ei ufatteleg smerte for mange menneske, og langt utanfor dei to plassane kjende ein følgjene. Uskuldige menneske møtte døden under forferdelege tilhøve.

At det verkeleg finst liding, talar profeten Jesaja kraftfullt om i teksta i dag. Han minner oss om at Gud aldri slår seg til ro med å sjå at menneske lid. Som eit svar held salmen fram at dei truande må halda fast ved tilliten til sin frelsar.

Romarbrevet forkynner at kjærleiken alltid er sterkast, og at liding og sorg aldri skal sigra. Før Kristus stod opp frå døden og gav vona om oppstode til verda, gjekk han inn i ein grufull død og ned i det mørke djupet i grava. Han gjorde det for at han seinare alltid kunne vera med oss heilt ned i vårt djupaste mørker.

I fotspora til Herren syner kristne som arbeider for full einskap, solidaritet med dei som har møtt tragediar og liding i livet ved å forkynna at kjærleiken er sterkare enn døden. Det var frå den djupe fornedringa i grava at oppstoda kom som ein soloppgang for menneskja: ein høglydt proklamasjon om oppreising, tilgjeving og evig liv.

Bøn

Vår Gud og Far, sjå til oss i miskunn når vi er fattige og lid, når vi slit med synd og død. Vi bed deg om tilgjeving og frelse, om trøyst og støtte i prøvingar. Vi takkar deg for alle som maktar å sjå ljuset når dei er i trengsel. Lat din guddommelege Ande læra oss kor stor din miskunn er, og hjelp oss å stå saman med våre systre og brør når dei er i vanskar. Lat oss og verta fylte med Den heilage Andens velsigning så vi i einskap kan forkynna og dela med verda sigeren til din Son, han som stod opp til evig liv.

Spørsmål til ettertanke

1. Korleis kan du visa medkjensle med dei som lid og er i vanskar?
2. Kva for visdom og forståing har du fått gjennom liding du har kjent i ditt eige liv?
3. Korleis kan du visa solidaritet med dei mange fattige i verda som lir og vert undertrykte, og har du sjølv opplevd noko av dette?
4. Korleis kan du vitna om Guds nåde og vona vi kan finna i Kristi kross?

Sjette dagen Tema: Vitnemål ved truskap til Skriftene

Tekst - Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegen og opna skriftene for oss? (Luk 24,32)

Tekstlesingar

Jesaja 55,10-11	Ordet, det som går ut or min munn, vender ikkje tomt tilbake
Salme 119,17-40	Lat opp mine augo, så eg kan sjå dei underfulle ting i di lov!
2 Timoteusbrev 3,14-17	Kvar bok i Skrifta er innanda av Gud
Lukas 24,28-35	Jesus opna skriftene for disiplane sine

Kommentar

Som kristne er vi privilegerte fordi kan møta Guds ord i dei heilage skriftene og feira sakramenta. Når vi med truskap lyder til forkynninga av den bibelske bodskapen og med bøn leser i Bibelen, opnar vi hjarte og sinn til å ta imot Guds ord. Jesus lova disiplane sine at han ville senda Den heilage Ande for å læra dei om Guds ord og rettleia dei til heile sanninga.

Gjennom historia har kristne lest og forstått Guds ord på ulike vis. Ofte har dei nytta Bibelen til å streka under at dei ikkje kunne einast, i staden for å finna fram til forsoning og einskap. Som godt er, har kristne som var på leiting etter einskap, i nyare tid blitt ført nærare kvarandre av dei heilage skriftene. Vi har granska Bibelen saman og på det viset kome nærare kvarandre. Den reisa vi no gjer saman i Bøneveka for kristen einskap, byggjer på det at vi saman lyder til Guds ord og saman freistar å forstå det og ta det inn i livet vårt.

Profeten Jesaja minner oss om at når Guds ord vert forkynt med styrke, er det levande og kraftig. Det vender ikkje tomt attende til Gud, men gjer det han vil og fullfører det han sender det til. Denne bodskapen vert teken opp att i orda til Timoteus der han vert oppmoda til å halda fast ved dei heilage skriftene. For dei er verksame, dei er gagnlege for dei truande og gjer dei dugande til all god gjerning.

Med salmediktaren prisar vi Guds ord og føresegner og bed Gud om å gje forstand til å følgja den heilage lova av heile vårt hjarte.

I Bøneveka for kristen einskap bed vi om at alle kristne må trengja djupare inn i dei heilage skriftene så vi betre kan kjenna løyndomen om Guds herlege openberring. Vi bed om at Den heilage Ande må hjelpa oss til betre å forstå Guds ord, og at han må leia oss på den vegen vi må gå saman i tru, heilt til vi alle kan samlast rundt Herrens eine bord.

Bøn

Gud, vi takkar og prisar deg for ditt frelsande ord som kjem til oss gjennom dei heilage skriftene. Vi takkar deg og for brørne og systrene som vi delar ditt ord med. Saman oppdagar vi fylден av din kjærleik. Vi bed om ljøs frå Den heilage Ande så ditt ord må leia og føra oss på vegen mot større einskap.

Spørsmål til ettertanke

1. Kva for bolkar av skrifta er av størst verdi for deg?
2. Kven eller kva er det som får hjartet ditt til å brenna med lidenskap for evangeliet og med ønske om å gje vitnemål om Kristus?
3. Kva for skriftavsnitt har gjeve deg betre forståing av vitnemålet frå andre kristne?
4. Korleis kan kyrkjene våre nytta Skrifta betre i dagleg liv og bøn

Sjuande dagen Tema: Vitnemål ved von og tiltru

Tekst - Kvifor er de så urolege, og kvifor vaknar tvilen i hjarta dykkar?
(Luk 24,38)

Tekstlesingar

Job 19,23-27	Då skal eg skoda Gud
Salme 63	Mi sjel tyrstar etter deg
Apostelgjerningane 3,1-10	Det eg har, det gjev eg deg
Lukas 24,36-40	Disiplane vart forfærde og redde

Kommentar

Alle kristne kjenner før eller seinare i livet tvilstankar. Når vi ikkje kan kjenna at den oppstadne Kristus er nær, kan det å vera saman nokre gonger gjera tvilen endå større i staden for mindre.

Som kristne må vi halda fram i tru på at Gud er med oss sjølv om vi korkje ser eller kjenner han. Trua, vona og tilliten er dygder som let oss vitna kraftfullt om at trua går ut over alt vi sjølv kan klara.

Job er eit døme på ein som har møtt harde prøvingar og trengsler og som jamvel har krangla med Gud. Men i tru og von heldt han fast ved at Gud ville bli på hans side. Denne tiltrua og overtydinga kan vi og sjå i det som Peter og Johannes gjorde i forteljinga om den lamme mannen i Apostelgjerningane. Tiltrua til Jesusnamnet let dei forkynna med kraft til alle som er til stades.

Salmen i dag er ei bøn som speglar vår djupe lengt etter Guds trufaste kjærleik.

Møta i denne Bøneveka for kristen einskap gjer at samfunna våre kan veksa i felles tru, von og kjærleik. Vi ber fram vitnemål om Guds trufaste kjærleik til alle menneske og om Guds truskap til den eine kyrkja vi er kalla til å vera.

Jo meir vi står saman i vitnemål, desto sterkare vil budskapen vår bli.

Bøn

Gud, du som er kjelda til von, del visjonen din om den eine kyrkja med oss og lat oss sigr over tvilen. Lat trua vår veksa nær deg så vi alle som vedkjenner trua på deg, kan halda gudsteneste saman i ånd og sanning. Særskilt bed vi for dei som kjempar med tvil nett no, og for dei som lever i skuggen av angst og fare. Ver med dei og gjev dei ditt trøystande nærver.

Spørsmål til ettertanke

1. Kva gjer du med din eigen angst og tvil?
2. Korleis kan du gjennom framferda di verta årsak til angst og utryggleik hjå andre?
3. Har du nokon gong gjort opp med din eigen angst og tvil, og så gitt vitnemål om at trua på Kristus hjelpte deg til å koma gjennom desse vanskane?
4. Korleis kan kristne fellesskap oppmuntra kvarandre i tru og von?

Åttande dagen Tema: Vitnemål ved gjestevenskap

Tekst - Har de noko å eta her?

(Luk 24,41)

Tekstlesingar

1 Mosebok 18,1-8

Salme 146

Romarbrevet 14,17-19

Lukas 24,41-48

Eg skal finna ein bete mat, som de kan styrkja dykk med
Han hjelper dei trælka til deira rett. Herren gjev mat til dei som
svelt

..streva etter det som fører til fred og til oppbygging oss
imellom

Så opna han forstanden deira så dei kunne skjønna skriftene

Kommentar

I dag har elektronisk kommunikasjon gjort oss til grannar på ein liten og overfylt planet. Nett som på Lukas tid, har folk og fellesskap vore nøyddde til å forlata heimen og reisa til framande land. Folk frå dei store religionane har kome og teke med seg framand tru og kultur til samfunna våre.

I Bøneveka opplever vi både gjestevenskap og fellesskap med kristne frå alle kyrkjer på den reisa vi gjer saman mot kristen einskap. Kristus kallar oss dessutan til både å gje og ta imot gjestevenskap frå dei framande som har vorte grannane våre. Det er jo slik at om vi ikkje kan sjå Kristus i nesten vår, kan vi ikkje sjå han i det heile. Historia frå Første Mosebok skildrar korleis Abraham tek imot Gud i det han opnar huset sitt og byd gjestevenskap til framande.

Gud Skaparen står saman med den som er fanga eller er blind eller framand. Salmen er ei lovsong til Guds evige truskap og for alt han har gjort for oss.

Teksta frå Romarbrevet minner oss om at Guds rike kjem med rettferd og fred og glede i Den heilage Ande.

Den oppstadne Kristus fører disiplane sine saman og eter med dei, og då kjenner dei han att. Han minner dei om kva skriftene sa om han, og forklårar det som dei ikkje forsto tidlegare. På det viset frir han dei frå angst og tvil og sender dei ut for at dei skal vera vitne om dette. Når han skapar ein slik møtestad, gjer han dei i stand til å ta imot hans fred. Det inneber rettferd for dei undertrykte, omsorg for dei svoltne og gjensidig oppbygging. Det er gåvene som etter Kristi oppstode høyrer den nye verda til. Gjennom historia har kristne funne den oppstadne Herre i det dei tente andre og vart tente av andre i tru. Soleis kan vi og møta Kristus når vi deler liva våre og gåvene våre.

Bøn

Kjærleikens Gud, du viste oss din gjestevenskap i Kristus. Vi veit at når vi deler gåvene våre med andre, då møter vi deg. Gje oss nåde til å verta eitt på reisa vår, og til å kjenna att deg i kvarandre. Lat det vera slik at når vi tek imot framande i namnet ditt, vert vi og vitne om din gjestevenskap og din rettferd.

Spørsmål til ettertanke

1. I kva grad er landet du lever i gjestfritt mot framande?
2. Korleis kan framande finna gjestevenskap og plass til å bu i grannelaget ditt?
3. Korleis kan du visa takksemd til dei som synte gjestevenskap ved å vera til hjelp?
4. På kva måte syner krossen oss at Guds gjestevenskap ligg i total sjølvhengjeving?

Den økumeniske stoda i Skottland

Frå 1910 til 2010

I 1910 fekk Edinburgh vera vitne til at den nye økumeniske rørsla vart født. Men kvifor skjedde det nett i Edinburgh? På det kulturelle og intellektuelle området hadde Skottland sterke internasjonale tradisjonar som strekte seg heilt attende til den keltiske misjonstida. Dette internasjonale perspektivet vart fremja av framstående skotske teologar og kyrkjeleiarar. Det var knytt saman med eit sterk medvit om misjon som var sprunge ut av 1800-talets skotske protestantisme. Der gjekk evangelisering hand i hand med interessa for å endra den økonomiske ekspansjonen av det britiske samveldet. Misjonsengasjementet gjorde kyrkjene viljuge til å støtta konferansen om verdsmissjon og ikkje berre overlata det til misjonsselskapa. Dessutan opplevde Skottland på denne tida raske endringar både i kyrkja og samfunnet, noko som medverka til eit breiare utsyn i kyrkjene.

I 2000 vitja John Pobee frå Ghana Skotland. Han utfordra kristenleiarane til å markera hundreårsjubileet for 1910. Gjennom dei neste åra vart ein stadig større krets av misjonstenkjarar og misjonsarbeidarar merksame på at 2010 var eit einestående høve og at det var naudsynt med samarbeid. I 2005 blei det halde eit internasjonalt møte i Edinburgh der hovudtema for misjonen i det 21. hundreåret vart meisla ut. Desse tema omfattar: *Grunnlaget for misjon, Misjon i ein fleirreligiøs samanheng, Misjonens tilhøve til post-modernisme og makt, Ulike former for misjonsengasjement, Teologisk utdanning, Nye kristne fellesskap og Misjon, einskap og spiritualitet.*

Dei vart og samde om eit tema for hundreårsjubileet og sette fast at dette skal finna stad i Edinburgh frå 2. til 6. juni 2010. Forarbeidet for Edinburgh 2010 er organisert gjennom nettsida www.edinburgh2010.org

Åra imellom

Frå 1940-åra og til i dag er det tre hovudtrådar som har utvikla seg i det økumeniske landskapet i Skottland.

Teologisk gransking

Mange lærespørsmål har vore drøfta, frå den såkalla *Bisperapporten* (ein anglikansk/presbyteriansk rapport i 1956), gjennom nesten 30 år med *Multilaterale samtalar* (1967-1994) der seks kyrkjesamfunn i Skotland tok del, og til *Det skotske kyrkjeinitiativet for kristen einskap* (SCIFU 1996-2003). Desse drøftingane har gitt større forståing for dei ulike tradisjonane, og ein har oppdaga at kyrkjene faktisk er samde i mange teologiske spørsmål. Når dette ikkje har ført til ein unionserklæring som alle kunne verta samde om, so kjem det ikkje av at kyrkjene usamde om at einskap er meir enn å laga ein storslått plan. Problemet ligg derimot i å erkjenna at einskap er mogleg innanfor ulikskap.

Praktisk samarbeid

På nasjonalt plan vaks det i 1950-åra fram to idear som har skapt mykje energi og mange visjonar. I byrjinga av 1960 blei dette verkeleggjort i opninga av *Det skotske kyrkjehuset* i Dunblane. Det er ei senter for retreat og konferansar ”som kyrkjene står saman om og der dei kan læra å veksa saman for å tena Skottland”. I 1962 blei *Det skotske kyrkjerådet* oppretta

med dei fleste ikkje-katolske kyrkjene som medlemmer og ei rad økumeniske grupper og organisasjonar som observatørar. Ut av dette vaks det mange aktivitetar med nasjonal støtte, til dømes kurs i fastetida, ungdomsarbeid og sosialt arbeid. Dette skaut snart knoppar slik at lokale kyrkjeråd rundt i Skottland tok til å samarbeida i felles gudstenester og i felles tenesteinnsats. I 1986 blei eit fastekurs for heile Storbritannia arnestaden for ”nye instrument til einskap”. Dette omfatta for fyrste gongen også Den romersk-katolske kyrkja. Så blei Dei skotske kyrkjene i samhandling (*Action for Churches Together in Scotland (ACTS)*), til i 1990.

Den profetiske røysta

Den tredje tråden er den som det er mest vanskeleg for kyrkjene å leva med. Men utan den ville økumenikken mista sin kvasse egg. Ettersom kyrkjene vaks tettare saman, fekk økumenikken si eiga profetiske røyst. Naudhjelporganisasjonen *Christian Aid* spegla i arbeidet sitt både det praktiske uttrykket for medkjensle med fattige i verda og ei profetisk protestrøyst mot uretten i verda. *Iona-fellesskapen*, som alltid har kjent ei sterk økumenisk forplikting, har ope utfordra kyrkjene og verda når det gjeld usemje og urett. Det har vore profetiske augneblink som då pave Johannes Paul II på vitjing i Skottland i 1982 sa: ”Lat oss vandra saman som pilegrimar hand i hand.”

Økumenikken er i dei seinare åra utvida til ein multireligiøs samanheng og til å omfatta kristent vitnesbyrd i eit sekulært og multikulturelt samfunn. Økumenikkens historie i Skottland har vist at for å møte denne utfordringa er det naudsynt at vi held dei tre trådane stramt. Det er ikkje spørsmål om å velja mellom dei. Det er berre når dei grip inn i kvarandre at det kan bli til teologi, samarbeid og profetisk røyst, dette som ligg i hjartet av den økumeniske visjonen.

Skotskruta stoff, tartan, er ein av Skottlands skattar. I tradisjonen var kvart mønster kopla til ein klan eller familie. Men skotskruta stoff er ein levande tradisjon og vert framleis forma for ulike formål og organisasjonar. Dette stoffet har ein grunnfarge, og på denne er det lagt vassrette og loddrette striper. Slik er det og med økumenikken. Bakgrunnsteksta står øvst og nedanfor sett vi fram ei rekkje vassrette og loddrette striper som syner nokre av dei måtane kyrkjene engasjerer seg med kvarandre og med samfunnet ikring dei.

Vassrette striper – kyrkjer søker einskap

Den skotske kyrkja og Den romersk-katolske kyrkja sin felleskommisjon for læra .

Dette er ein tosidig samtale som har vist seg å vere ei rik kjelde til velsigning. Det nyaste dokumentet ber tittelen ”*Dåp – katolsk og reformert*”. Dokumentet samanfattar framgangen i felles forståing av dåpen, men innbyd og til vidare refleksjon over kva dette har å seia for kyrkja sin misjon i dag. Felleskommisjonen for læra er eit døme på positiv økumenisk-teologisk samtale, og den viser at enkeltmenneske og institusjonar er opne for å lyda til kvarandre på alvor. Felleskommisjonen held no på å studera læra om heilagging og om korleis ein kan lækja historiske minne.

EMU-stripa

I fortsettinga av *Det skotske kyrkjeinitiativet for kristen einskap* tok tre kyrkjer på seg å finna fram til korleis dei best kunne arbeida, tena og vitne saman. Soleis blei EMU-samtalane født. Representantar for Den skotske episkopale kyrkja (E), Metodistkyrkja (M) og Den sameinte reformerte kyrkja (U) held møte to gongar i året for å røkje ut korleis ein nasjonalt og lokalt

kan gjera slike ting saman som ein ikkje treng gjera åleine. Når folk med særskilt ansvar finn ut korleis samarbeidet kan veksa, vert det glede i EMU. Dette er eit ungt og levande miljø med stort potensiale.

Utvikling av relasjonar til kristne minoritetsgrupper.

I 2007 markerte kyrkjene i Skottland 200-årsminnet for *Lova om oppheving av slavehandelen*. Gjennom denne markeringa blei det utvikla nærare forhold mellom dei tradisjonelle kyrkjene og eit stendig aukande tal av kristne frå etniske minoritetsgrupper i Skottland. *Raserettferdsgruppa* til dei skotske kyrkjene har no representantar frå afrikanske kyrkjer og asiatiske kristne samfunn. Kristne frå etniske minoritetsgrupper organiserer seg sjølve i ei samanslutning for å halda kontakten med kvarandre, med dei tradisjonelle kyrkjene og med ACTS (Dei skotske kyrkjene i samhandling).

Loddrette striper – kyrkjene engasjerer seg i det skotske samfunnet

Kyrkjene og Parlamentet

”Dei skotske kyrkjene sitt parlamentskontor” (SCPO) blei til ved at kyrkjene tok del i prosessen for å skapa eit skotsk parlament. Då vi fann ut at vi kunne arbeida saman om dette, vart SCPO skipa for at kyrkjene kunne engasjera seg så effektivt som mogleg med Parlamentet og Regjeringa i Skottland – ikkje for å driva partipolitikk men for å sikra at det vert samtala og at kyrkjene vert høyrte. Det er klårt vi er meir effektive når vi talar med ei røyst for visjonane våre om det felles beste for Skottland. Men der det er ulike røyster, er vi ærlege og opne om det.

Kyrkjene og den nasjonale samtalen

Leiarar og representantar for tolv av kyrkjene i Skottland tok imot innbydinga frå den skotske regjeringa om å ta del i ei nasjonal samtale kring framtida for Skottland. Gruppa la fram følgjande fråsegn:

”Vi ser at kyrkja er på vegen soleis som nasjonen vår er det: Vi må alle kjempa for å koma dit vi treng vera. Men for kyrkja som for nasjonen og samfunnet trår vi etter at desse kristne verdiane må prega samfunnslivet i Skottland:

- Ein nasjon som er forma av prinsippa ’kjarleik til Gud’ og ’kjarleik til alle menneske’.
- Ein nasjon som fremjar vørndnad og rettferd for alle.
- Ein nasjon som fremjar truskap i personlege og samfunnsmessige relasjonar.
- Ein nasjon som visar medynk og omsorg for dei svake og dei som fell utanfor.
- Eit folk som er mindre oppteke av eigen velferd og meir oppteke av at det går andre vel.
- Ein nasjon som jagar etter det som er edelt og der alle kan oppleve eit fullverdig liv.
- Ein nasjon som tek imot det eineståande bidraget frå dei som skapar det nye Skottland.
- Ein stat som arbeider til det beste for alle innbyggjarane sine utan å trå ut over fullmakta si.

Vi ser det slik at desse verdiane byggjer på Jesus og på ein avgjerande måte har forma Skottlands historie slik den har utvikla seg gjennom tidene. Der desse verdiane er omsett i liv

og handling, finn vi at dei kling vel saman med folk av annan tru eller med dei som ikkje har noka tru.”

Gateprestar

Gateprestar er eit tenestetiltak som spreier seg ut over Skottland. Grupper av trena friviljuge gateprestar frå dei lokale kyrkjene kan treffast i byen seint om kvelden. Dei kan rettleia og gi praktisk støtte til folk som er ute på byen. ”Vi vil møta, prata med og ha kontakt med folk ved å lyda, støtta og hjelpa på praktisk vis. Dette kunne vera å følgja ei jente til ein nattaxi seint om kvelden, gje støtte til nokon som kjenner seg forulempa og lyde til folk som treng å vita at nokon bryr seg”, sa James Duce frå bykyrkja i Aberdeen, der dei først tok til med gateprestar.

Tillegg: Meir gudstenestemateriale frå Skottland

Fridomens Heilage Ande

Du, fridoms Heilage Ande,
slik den arme lengtar
 etter å oppleva overflod
 og sjå slutt på all urett,
og slik kyrkja lengtar etter einskap,
vekk oss så vi kan sjå desse to ønskemåla
 som hovudtrådar i veven.
Gje oss kløkt og fantasi
 til å veva dei saman
i følgje med Jesus
til beste for livet
og til ære for Gud!

(Carolyn Smyth)

Oppstadne Kristus

Oppstadne Kristus,
slik som du vandra saman med dei to på vegen til Emmaus,
ver også med oss når vi vandrar med tru.
Når vi møter nokon på vegen,
gje oss medkjensle så vi høyrer på det den andre seier,
tolmod til å forklåra slikt som er sjølvtsagt for oss,
mot til å gjera oss sjølv sårbare
så andre kan møte deg gjennom oss
og vi kan kjenna deg gjennom dei.
Amen

(Lindsey Sanderson)

Bøn og meditasjon

Desse meditative stykka nyttar symbol og rørsler som kan hjelpa til ei betre forståing i forsamlingar der det vert tala meir enn eit morsmål og der ein ønskjer å inkludera personar med læreveskar. Dei kan opplevast som eit heile eller dei kan delast opp i seksjonar utover i gudstenesta.

Symbola: Stor stein, forteljingsbok med bilete/fotografi, globus, truvedkjening eller anna uttrykk for trua, kross/krusifiks, bibel, stort spørjeteikn på papplate, eit brød.
Symbola vert tekne fram ved den aktuelle delen av bønna og sett på ein framtrédande plass der alle kan sjå - det kan til dømes vere eit altar/bord framfor forsamlinga. Symbola kan og verta projiserte på ein skjerm/vegg med Power-point el.l.

**Første handling Ein stor stein vert teken fram.
Ein kan lyda til musikk mens det skjer.**

1. røysta ”Kvifor letar de etter den levande mellom dei døde?”

2. røysta Eg veit kva det er å mista nokon.
Eg har vore der dei græt og er fortvila.
Eg har kjent vekta av steinen som knuser all von
og stengjer meg ute frå Gud.

1 røysta Men det er vi og ikkje Gud som plasserer steinar.
Litt etter litt vil ljuset koma attende.
Kristus vil syna seg i kjærleiken frå ein ven,
i gjestevenskapen frå ein granne.
i godleiken frå ein framand.

2. røysta Det må vera død før det kan verta oppstode.
Eg har sett det døde verta levande:
(Liste eller personlege vitnemål)

Begge Vi er vitne om dette.

Alle Vi bed for alle som treng å få rulla steinen vekk.
Vi takkar for alle som har opplevd oppstode i dette livet.
Vi prisar Gud for herlegdomen til den oppstadne Kristus
som gjev oss ei levande von om evig liv.

Andre handlinga Ei stor forteljingsbok med bilete eller passande fotografi vert teken fram. Ein kan lyda til musikk mens det skjer.

1. røysta ”Kva er det de går og talar om med kvarandre?”

2 røysta Eg likar ein skikkeleg samtale. Eg har vakse frå småprat.
Eg er ein ekte historieforteljar.
Eg er ein lydar sjølv når det gjer vondt.
Eg spelar ei rolle i historia til min granne.

1 røysta Takk, Gud, for kommunikasjonens gåve –
for samtalar andlet til andlet, for telefonen,
for radio, fjernsyn og den vide verdsveven.
Takk, Gud, for alt som bind oss saman
og gjer at vi kan halda kontakt.
Takk, Gud for Den heilage Ande.

2 røysta Vi er forteljingane våre
Eg har høyrte forteljingar som har endra liv.
(Liste eller personlege vitnemål)

Båe Vi er vitne om dette

Alle Vi bed for dei som pratar om ingen ting.
Vi takkar for alle som deler erfaringar dei har hatt
om helse, tilgjeving og forsoning.
Vi prisar Gud for kjærleiken hans som har kraft til å forvandla
og vi bed om at Jesushistoria og vår historie ein gong kan verta eitt.

**Tredje handlinga Ein stor globus, gjerne med ljøs i, vert teken fram.
Ein kan lyda til musikk mens det skjer.**

1. røysta ” Du må vera den einaste framande i Jerusalem som ikkje veit kva som har
hendt der desse siste dagane.”

2. røysta I desse dagane har eg høyrte om naturkatastrofar
som skjer på den andre sida av jorda.
Likevel merker eg ikkje når grannen min lir tap
og eg veit ikkje kva dei feirar i huset ved sida av.
Eg kjenner meg som ein framand i mitt eige land.

1. røysta Nokre gonger vert vi kalla til å vera stille.
Om vi ser og lyder, kan vi finna Kristus i den andre.
Om vi ser innover, vil vi finna Kristus i oss sjølv.
Om vi er viljuge til å ta utfordringar, også dei som gjer vondt,
vil Den heilage Ande syna oss kvar Gud vil ha oss.

2. røysta Gud er i kvar einaste situasjon. Ingen er framand for Gud.
Eg har sett Gud verksam både i det store og i det små.
(Liste eller vitnemål)

Båe Vi er vitne om dette.

Alle Vi bed for alle som opplever vonde hendingar.
Vi takkar for dei internasjonale organisasjonane som driv naudhjelp,
for kristeteneste og for enkeltmenneske som ofrar noko
for å hjelpa grannane sine.
Lova vere Gud for krafta i bønna –
for det er alltid noko vi kan gjera –
vi kan be.

**Fjerde handlinga Ei truvedkjenning (t.d. eit banner eller ei tavle) vert teken fram.
Ein kan lyda til musikk mens det skjer.**

1. røysta ”Kva er det som har hendt?”

2. røysta Trua mi er verdfull.
Eg har klynga meg til ho når eg har vore i trengsle.
Eg kan ikkje tenkje meg eit liv utan tru.
Eg vil at barna mine og skal ha denne trua.

1. røysta Vi kan ikkje la andre ta heile ansvaret.
Vi er alle kalla til å vitna om trua vår.
Gjennom tidene har kvinner og menn spreidd Guds ord,
og på mørke stader er det blitt ljøs.
2. røysta På denne staden minnst vi dei som
la grunnen for den trua vi har i dag:
(liste eller vitnemål)
- Båe Vi er vitne om dette.
- Alle Vi bed for dei som forsvarar trua på Kristus
endå om dei risikerer hån, forfølgning og død.
Vi takkar for dei som har påverka oss,
og i stille takkar vi for det som trua betyr for kvar av oss.
(stille)
Vi prisar Gud, for han er trufast,
og hans nåde varer til evig tid.

**Femte handlinga Ein kross eller eit krusifiks vert teken fram
Ein kan lyda til musikk mens det skjer.**

1. røysta ” Måtte ikkje Messias lida dette og så gå inn til sin herlegdom?”
2. røysta Eg har sett kor umenneskelege menneske kan vera mot kvarandre –
menn og kvinner og dei som ikkje er meir enn barn.
Eg har sett at nokon eg elsker måtte lida
og eg var ikkje i stand til å løfta dei ned frå krossen.
Nokre gonger græt eg: Kvifor, Gud, kvifor?
1. røysta Det finst mange slags liding.
Krig, terrorisme og menneskeleg vondskap minner oss om
at vi har makt til å setta om alle slags ord i røynd.
For Kristi skyld må vi vera sikre på at det er kjærleik.
Vi kan ikkje stansa lidinga som kjem av sjukdom eller tap,
men vi kan gå inn i smerta og dela den i kjærleik.
1. røysta Frå den blodstenka krossen til Kristus
flaut frukta av truskap, tilgjeving og kjærleik.
Eg har kjent denne frukta:
(Liste eller vitnemål)
- Båe Vi er vitne om dette.
- Alle Vi bed for dei som lid under overgrep frå andre
og vi bed for dei som skapar liding for andre.
Vi takkar for dei som gjev kjærleiken ein kropp
og går der sjølv englane fryktar å setje føtene.
Vi bed for dei som er sjuke, for dei som gjev omsorg

og for dei som skal døy.
Vi prisar Gud for lovnaden hans
om at ikkje noko korkje i liv eller død
kan skilja oss frå kjærleiken hans.

**Sjette handlinga Ein bibel vert teken fram.
Ein kan lyda til musikk mens det skjer.**

1. røysta "Brann ikkje hjartet i oss då han tala til oss på vegen?"
2. røysta Eg les ikkje så ofte i Bibelen som eg skulle.
Men det er rike vers og utsegner
som lever djupt inne i meg.
Og ganske uventa, anten eg er åleine eller saman med andre,
kan det skje noko –
og plutsleg forstår eg orda slik eg aldri gjorde før.
Er det dette som er openberring?
1. røysta Gud opnar ordet sitt på mange vis.
Vi treng ikkje jaga etter openberringar
for Den heilage Ande opnar auge og sinn
når tida er komen.
Og dei som Gud reiser opp som profetar
gjev meining med dagen i dag i ljuset av i går
og rettar oss inn mot framtida.
2. røysta Kjærleiken er midt i openberringa.
Eg har kjent at hjartet brann.
(Liste eller vitnemål)
- Båe Vi er vitne om dette.
- Alle Vi bed for alle dei som har eit kaldt hjarte.
Vi bed for dei som tenkjer dei har sett alt.
Vi takkar for profetar før i tida og no
som fikk del i det Gud synte dei.
Vi takkar for dei som på grunn av kjærleik til Kristus
har brakt rettferd og fridom til undertrykte.
Vi takkar Gud for alle vanlege menneske
som er levande openberringar av hans ord.

**Sjuande hendinga Eit stort spørjeteikn på ei papplate vert teken fram.
Ein kan lyda til musikk mens det skjer.**

1. røysta "Kvifor er de så urolege, og kvifor vaknar tvilen i hjarta dykkar?"
2. røysta Eg misunner dei som aldri har tvilt.
Eg skulle like å ha ein slik tryggleik.
Men ting skjer med meg og med andre

som gjer at eg set spørjeteikn ved makta di, Gud.
Og kvar jordeferd eg er med i
gjer at eg ønskjer å vera med på Emmausvegen enno ein gong.

1. røysta Det trengst mot og tiltru for å verta vener med tvilen.
Du treng å gjera deg klår til reisa.
Likesæle, passivitet, hovmod og egoisme
er motsetnader til trua – ikkje tvilen!
Følg vegen Kristus bed deg gå.
Bed, prisa Gud og elsk nesten din som deg sjølv .
For det er når vi gjer noko at vi finner svara.
2. røysta Bare med tru kan vi leva med spørsmåla.
Eg har opplevd utrulege gjennombrot i tru.
(Liste eller vitnemål)
- Båe Vi er vitne om dette
- Alle Vi bed for dei som heile tida lever i fare.
Vi bed for dei som er lamma av utryggleik.
Vi takkar for dei som ved den sterke trua si
held andre oppe og gjev dei mot når dei møter motgang.
Vi prisar Gud for stadfestinga Jesus gjev
om at når vi rekker ut handa og rører ved åndene våre,¹)
vil vi og få sjå at Kristus lever. Amen.

**Åttande hendinga Eit stort brød vert teke fram.
Ein kan lyda til musikk mens det skjer.**

1. røysta ”Har de noko å eta her?”
2. røysta Eg har vore svolten.
Eg har fått mat.
Eg kan ikkje leva av brød åleine,
men eg kan ikkje leva utan brød.
1. røysta Vi er Guds forvaltarar i verda.
Vi deler eit felles brød.
Det er nok for alle.
Det som manglar er gjestevenskap.
For alle som er født, er det ein plass ved bordet.
2. røysta Gjesteveskap skaper plass
der andres naud må stillast.
Eg har kjent korleis gjesteveskap endra livet.
(Liste eller vitnemål)

¹ Luk 25,37

Båe Vi er vitne om dette.

Alle Vi bed for dei som bur på ugjestmilde plassar
Vi takkar for dei som gjev av tida si,
evner og krefter og seg sjølv
for å sanna at Kristus er i den andre.
Vi prisar Gud for herlegdomen i Kristi kross
som innbyd alle til å koma til Kristus
og verta sameinte ved festen hans for livet.

Velsigning

Måtte den store Gud vera mellom skuldrene dine
og vara deg når du går og når du kjem.
Måtte Sonen til Maria vera nær i hjartet ditt
og måtte den fullkomne Ande ausa sine gåver over deg.
Amen

(Carol Ford)

Bøneveka for kristen einskap - Emne 1968-2010

I 1968 byrja ein å nytte materiale som var førebudd i fellesskap av Verdskyrkjerådets komité for tru og kyrkjeordning og Det pavelige råd til fremje av kristen einskap.

- 1968 Til pris og ære for hans herlegdom (Ef 1,14)
- 1969 Kalla til fridom (Gal 5,13)
(Førebuingssmøte i Roma, Italia)
- 1970 Vi er Guds medarbeidarar (1 Kor 3,9)
(Førebuingssmøte i klosteret Niederaltaich, DDR)
- 1971 ...og Den Heilage Andens samfunn (2.Kor 13,13)
- 1972 Eit nytt bod gir eg dykk (Joh 13,34)
(Førebuingssmøte i Genève, Sveits)
- 1973 Herre, lær oss å be (Luk 11,1)
Førebuingssmøte i klosteret Montserrat i Spania
- 1974 For at kvar tunge skal sanne: Jesus Kristus er Herre (Fil 2,1-13)
Førebuingssmøte i Genève, Sveits

I april 1974 blei det sendt eit brev til medlemskyrkjene og andre interesserte grupper om å etablere lokale økumeniske grupper til å delta i førebuing av brosjyre for Bøneveka. Ei australsk gruppe var den første som tok opp denne utfordringa og førebudde eit utkast til Bøneveka for 1975

- 1975 Guds mål: Å samanfatte alt i Kristus (Ef 1,3-10)
Materiale førebudd av ei australsk gruppe. Møte i Genève i Sveits
- 1976 Vi skal verte han lik (1 Joh 3,2) eller: Kalla til å bli det vi er.
Materiale førebudd av ein Karibisk kyrkjekonferanse. Møte i Roma, Italia
- 1977 Saman halde ut i håp (Rom 5,1-5)
Materiale førebudd i Libanon, midt under borgarkrigen. Møte i Genève, Sveits.
- 1978 Ikkje lenger framande (Ef 2,13-22)
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Manchester, England
- 1979 Ten kvarandre til Guds ære (1 Pet 4,7-11)
Materiale førebudd i Argentina. Møte i Genève, Sveits.
- 1980 La riket ditt kome (Matt 6,10)
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Berlin, DDR. Møte i Milano, Italia.

- 1981 Ein Ande - mange gåver - ein lekam (1 Kor 12,3b-13)
Materiale førebudd av Greymoor Fathers, USA. Møte i Genève, Sveits.
- 1982 Må alle finne sin heim i deg, å Herre. (Sal 84)
Materiale førebudd i Kenya. Møte i Milano, Italia.
- 1983 Jesus Kristus - verdas liv (1 Joh 1,1-4)
Materiale førebudd av ei økumenisk gruppe i Irland. Møte i Céligny (Bossey), Sveits.
- 1984 Kalla til å bli eitt ved krossen til vår Herre (1 Kor 2,2 og Kol 1,20)
Førebuingmøte i Venezia, Italia.
- 1985 Frå død til liv med Kristus (Ef 2,4-7)
Materiale førebudd i Jamaica. Møte i Grandchamp, Sveits.
- 1986 De skal være mine vitne (Apg 1,6-8)
Materiale førebudd i Jugoslavia (Slovenia). Møte i Jugoslavia.
- 1987 Sameina i Kristus - ei ny skapning (2 Kor 5,17-6,4a)
Materiale førebudd i England. Møte i Taizé, Frankrike.
- 1988 Guds kjærleik driver frykta ut (1 Joh 4,18)
Materiale førebudd i Italia. Møte i Pinerolo, Italia.
- 1989 Bygge fellesskap: ein lekam i Kristus (Rom 12,5-6a)
Materiale frå Canada. Førebuingmøte Whaley Bridge, England.
- 1990 At de alle må være eitt ... så verda kan tru (Joh 17)
Materiale frå Spania. Førebuingmøte i Madrid, Spania.
- 1991 Lovsyng Herren, alle folkeslag! (Salme 117 og Rom 15,5-13)
Materiale frå Tyskland. Førebuingmøte i Rotenburg/Fulda, Vest-Tyskland.
- 1992 Eg er med dykk alle dagar ... Gå difor ut (Matt 28,16-20)
Materiale frå Belgia. Førebuingmøte i Brügge, Belgia.
- 1993 Bære Andens frukt til beste for kristen einskap (Gal 5,22-23)
Materiale frå Zaire. Førebuingmøte nær Zürich, Sveits.
- 1994 Guds husfolk: kalla til å være eitt i hjarte og sinn (Apg 4,23-37)
Materiale frå Irland. Førebuingmøte i Dublin, Irland.
- 1995 Koinonia: Fellesskap med Gud og med kvarandre (Joh 15,1-17)
Førebuingmøte i Bristol, England.
- 1996 Se, eg står ved døra og bankar (Åp 3,14-22)
Førebuingmøte i Lisboa, Portugal.
- 1997 Vi bed i staden for Kristus, lat dykk forsone med Gud. (2 Kor 5,20)
Førebuingmøte i Stockholm, Sverige.

- 1998 Anden kjem oss til hjelp i vår vanmakt (Rom 8,14-27)
Førebuingssmøte halde i Paris, Frankrike.
- 1999 Han skal bo hjå dei som deira Gud, og dei skal vera hans folk (Åp 21,1-7)
Materiale frå Malaysia. Førebuingssmøte halde i Bose-klosteret i Italia.
- 2000 Lovet være Gud, han som har velsignet oss i Kristus (Ef 1,3-14)
Materiale førebudd av Kyrkjerådet for Midt-Austen. Møte i La Verna, Italia.
- 2001 Eg er vegen, sanninga og livet (Joh 14,1-6)
Materiale førebudd i Romania, møte halde i Vulcan, Romania.
- 2002 For du er livets kjelde (Sal 36,5-6)
Materiale førebudd av Konferansen for Evangeliske kyrkjer i Europa (CEEC) og Konferansen av Kyrkjer i Europa (CEC). Møte holde nær Augsburg , Tyskland.
- 2003 Vi har denne skatten i leirkar (2 Kor 4,4-18)
Materiale frå kyrkjer i Argentina. Møte i Los Rubios, Spania.
- 2004 Min fred gir eg dykk (Joh 14,23-31; Joh 14,27)
Materiale førebudd av kyrkjer i Aleppo, Syria. Møte i Palermo, Sicilia.
- 2005 Jesus Kristus, kyrkas einaste grunnvoll (1 Kor 3,1-23)
Materiale førebudd av kyrkjer i Slovakia, møte i Piestany, Slovakia
- 2006 Der to eller tre er samla i mitt namn, der er eg midt iblant dei.(Matt 18,18-20)
Materiale førebudd i Irland. Møte halde i Prosperous, Kildare i Irland
- 2007 Han får døve til å høyra og stumme til å tala. (Mark 7,31-37)
Materiale førebudd i Sør-Afrika. Møte halde i Faverges i Frankrike
- 2008 Be uavlateleg! (1 Tess 5,(12a) 13b-18)
Materialet er førebudd i USA. Møte halde i Graymoor, Garrison, USA
- 2009 Så dei vert til eitt i handa di (Esek 37,15-28)
Materialet er førebudd i Korea. Møte halde i Marseilles, Frankrike
- 2010 De er vitne om dette (Luk 24,48)
Materiale er førebudd i Skotland. Møte halde i Glasgow, Skotland.

Nokre nøkkelhendingar i historia til Bøneveka

- Ca 1740 I Skottland var det på denne tida ei Pinsørørsla med band til USA. Bodskapen til vekkingsrørsla omfatta bønner for og med alle kyrkjesamfunn.
- 1820 Presten James Haldane Stewart gir ut “Hints for the General Union of Christians for the Outpouring of the Spirit”

- 1840 Presten Ignatius Spencer, konvertitt til den Romersk katolske kyrkja, foreslår “Felles bøn for einskap”
- 1867 Den første Lambeth-konferansa for anglikanske prester held fram bøn for einskap i innleiinga til resolusjonane.
- 1894 Pave Leo XIII oppmuntrar til å holde ein bønneoktav (8 dagar) for kristen ainskap i samanheng med pinse.
- 1908 Presten Paul Wattson byrjar å holde ein bønneoktav for kristen einskap.
- 1926 Faith and Order rørsle tar til å gi ut “Forslag til ein bønneoktav for kristen einskap.
- 1935 Abbed Paul Couturier frå Frankrike gjør seg til talsmann for “Ei verdsomfattande bønneveke for kristen einskap” på inkluderande basis med bøn for “den einskap som Kristus vil ha med de middel som han vil nytte”.
- 1958 Unité Chretienne (Lyon i Frankrike) og kommisjonen for Faith and Order i Verds kyrkjerådet tak til å samarbeide om førebuing av materiale til Bønneveka.
- 1964 I Jerusalem ba pave Paul VI saman med patriark Athenagoras Jesu bøn “at dei alle må være eitt” (Joh 17).
- 1964 Dekretet om Økumenikk frå det 2. Vatikankonsilet strekar under at bøn er sjela i den økumeniske rørsle, og oppmuntrar til å halde Bønneveka for kristen einskap.
- 1966 Kommissjonen for Faith and Order i Verds kyrkjerådet og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (nå kjent som Det pavelige råd til fremme av kristen einskap) startar offisielt med felles førebuing av materiale til Bønneveka.
- 1968 Første gang materiale førebudd i fellesskap av Faith and Order og Sekretariatet til fremme av kristen einskap blir offisielt nytta til Bønneveka.
- 1975 Første gang materiale som byggjer på utkast frå ei lokal økumenisk gruppe, vert nytta i Bønneveka
- 1994 Teksta for 1996 blei førebudd i samarbeid med KFUK og KFUM
- 2004 Semje oppnådd om at materialet for Bønneveka i framtida skal publiserast i fellesskap og produserast i same format av Faith and Order (VK) og Sekretariatet til fremme av kristen einskap (Den Katolske kyrkje).
- 2008 Minne om 100 år med Bønneveka for kristen einskap. (Forløparen, Oktaven for kyrkjeieinskap, vart halden fyrste gongen i 1908)

*Kommisjonen for tru og kyrkjeordning
Verdskyrkjerådet*

Faith and Order
World Council of Churches
P.O.Box 2100
CH – 1211 Geneva 2
Switzerland

infowcc@wcc-coe.org
www.oikoumene.org

*Det pavelege rådet
til fremje av kristen einskap*

Pontifical Council for
Promoting Christian Unity
VA – 00120 Cité du Vatican
office@christianunity.va
www.vatican.va